



Foto: Dagrún Reiakvam

# FØRDE SOKN

Årsmelding 2024

## Innleiing

Det første heile året for dette soknerådet er over. Vi har ikkje vedteke eller sett i gang nokre store prosjekt, men har fortsatt jobba med ferdigstilling av ein del av arbeidet førre sokneråd sette i verk. Våren 2024 var prega av byggearbeid både i kyrkja og på kyrkjetunet. Vi fekk ferdigstille arbeidet med utbygging av kyrkjetunet og ny kontorfløy tilknytta dei kyrkjeleg tilsette. Det er bra at ein har fått fleire kontor og eigna møterom. Dette førte og til at ein har inngått ein langtids leigeavtale med Førde kyrkjelege fellesråd som har sikra god leigeinntekter for dei neste 25 åra.

Oppgradert kyrkje med nytt varmeanlegg og toalett i kjellaren er og noko som vart ferdigstilt til sommaren 2024. Det er godt å vere i kyrkja vinterstid utan å måtte fryse eller sitje inne med utekle på øving i kyrkjekoret for eksempel.

Prosjekt Kraft hadde kick-off i september, og det gler oss når ungdomsdiakon Johanne i si årsmelding kjem med ei lang liste over tiltak som er iverksett. Det viser at behovet for ungdomsdiakon har vore ganske stort, og det gler oss at vi er godt i gang med dette. Dette har og ført til at kyrkjetunet er meir opptatt enn tidlegare også.

Statistikken for 2024 er og hyggeleg lesing. Det er auke i både døypte og vigsler. Når gjennomsnittstal for antall besøkjande pr gudsteneste har stige med 19 personar og snart er på 2019 nivå, er det stor glede. Vi er heldig som har ein kyrkjelyd med stor aktivitet, fortsatt høg andel som blir døypt og konfirmert, og det er kjekt med fulle kyrkjebenker dei fleste søndagane i året.

Nedgang i offer – kan kome av fleire ting. Ein ting vi kan gjere noko med, er å ta offeret tilbake i gudstenesta. Etter at Vipps kom og ein tok vekk ofring rundt alteret, har kyrkjeofferet i gudstenesta sklidd litt ut. Dette vil gudstenesteutvalet jobbe litt med i vår. Det same gjeld fast gjevarteneste, og vi jobbar med å få til ordning med skattefrådrag for dei gåvene ein gir gjennom Førde sokn.

Det meste av arbeidet vårt blir drive av stab og frivillige. Soknerådet arrangerer i utgangspunktet ikkje så mange arrangement sjølv. Ein tradisjon som ein prøver å blåse nytt liv i, er juletefest i romjula. For andre år på rad, vart det arrangert julefest 3.juledag, med støtte frå soknerådet. Vi ser på dette som eit arrangement arrangerte av kyrkjelyden med støtte av soknerådet. Og vi håpar at dette skal bli ein årleg tradisjon igjen, som det var tidlegare.

Utfordringa vår er å ha nok frivillige til å vere med å drive arbeidet vårt i kyrkjelyden. Det gjeld på alle plan om det er frivillige i gudstenesta, diakoniteneste av ulikt slag eller trusopplæring. Eller som uløna medarbeidar på kyrkjetunet (vaktmester eller kjøkkenhjelpar). Det er behov for fleire. Korleis skal vi klare å rekruttere fleire?

Hanne Bildøy

Leiar Førde sokneråd

## Frå sokneprest Ingvald Andersen Frøyen

### **Frykt ikkje! Ver ikkje redde!**

Orda er Jesus sine, og han sa dei gong på gong til sine eigne læresveinar eller til menneske han møtte på vegen. Frykt og uro for notid og framtid har alltid vore ein del av livet som menneske, og dei er heller ikkje framande for oss i vår tid.

Difor treng også vi i dag både å høyre og ta til oss orda frå Jesus: Lat ikkje frykta få overtaket! Ver ikkje redde! – Sjå, eg er med dykk alle dagar! Eg gjev dykk min fred!

Når vi no i februar 2025 skriv årsmeldinga for arbeidet i kyrkjelyden for kalenderåret 2024, så kjem det fram tal og statistikkar på alt det som kan teljast og målast. Det er ei viktig og god prosess for å halde oss fast og medvetne på kva vi held på med og for å sjå om vi er på rett spor. At arbeidet i soknet går framover. At vi vågar å tenkje nytt. At vi maktar å ta vare på dei kyrkjebygga og kyrkjegardane vi har. At vi er gode forvaltarar som sokneråd.

Så er det mykje som ikkje kjem fram i dei tala og rapportane vi legg fram, for ein kyrkjelyd er fyrst og fremst alle dei menneska som er der og som høyrrer til. Dei som kjem ofte til gudsteneste, og dei som er innom berre no og då. Unge og gamle. Arbeidsføre og uføre.

Vi lever i ei tid der framtida er meir usikker enn på lenge. I vår eiga kommune er det innsparingar, og mange kjenner på sorg og uro fordi skular og barnehagar vert lagt ned. Også kyrkjeleg finansiering er i fare og vi må stramme inn. Likevel er det på det globale plan at frykta for kva framtida vil bringe verkeleg har fått breie om seg dei siste månadene. Verdsfreden, solidariteten, nestekjærleiken og omsorga for skaparverket er truga.

I ein uroleg og uføreseieleg verd kjem Jesu ord til oss om at vi ikkje skal bli gripne av frykt.

Vi vert minna om at vi som kyrkje er sett til å vere kyrkje midt i verda.

Når mørket veks må vi tenne lyset.

Når nestekjærleiken vert snakka ned, må vi praktisera han enno meir.

Når menneske mistar motet må vi vere der for kvarandre og vere Kristi hender og føter i verda og på vår heim plass.

Når folk opplever å bli stengd ute, skal vi opne opp og sleppe inn.

Når maktspråket tek overhand og frykta breier om seg, må vi peike på Jesus. Han som kom og framleis kjem i svakheit. Han som sigra over mørket og som kjem med fred.

I desse tidene skal alle dei møteplassane vi har i vår kyrkjelyd vere trygge hamnar for alle dei menneska som søkjer hit, og saman skal vi hjelpe kvarandre til å halde motet oppe og trua levande.

Ein stor takk, difor, til sokneråd, tilsette og frivillige som gjer det mogeleg for oss å halde oppe det viktige og gode arbeidet.

Jesus Kristus seier: «Sjå, eg er med dykk alle dagar, så lenge verda står!»

## Førde sokneråd med utval

Soknerådet si samansetning har vore:

Hanne I. Bildøy (leiar), Eirik Dahl (nestleiar), Bjørn-Harald Haugsvær (medlem i Sunnfjord kyrkjeleg fellesråd), Ingeborg Watne Flatland (varamedlem til Sunnfjord kyrkjeleg fellesråd), Sølvi G. Urnes, Miriam Førde-Lund, Marte Westvik, Sissel Viddal Laache.

Varamedlem: Cathrin Hjelle Søvde, Hallvard Møgster, Ragnhild Kjøde Nes, Siri Brændmo, Ole Johnny Warvik.

Førde sokn har hatt desse faste utvala:

- Utval for gudstenester og kyrkjemusikk: Hallvard Møgster (leiar), Marthe Westvik, Inger Helene Nordeide, Gro Gunnarsson, Ingvald Frøyen, Odd Arne Standal
- Utval for diakoni og grøn kyrkje: Hanne Schnitler (leiar), Margit Nygård, Ingeborg Watne Flatland (sokneråds-representant), Sølvi Grøsvik Urnes (sokneråd-representant), Anita Rusken (diakon).
- Utval for trusopplæring: Anne Magerøy (leiar) (NMS), Ragnhild Kjøde Nes (Førde sokneråd), Cathrin Søvde (Førde sokneråd), Gunn Heimestøl (Holsen og Haukedalen sokneråd), Kariann Aasland (KFUK-KFUM), Heidi Voltersvik Styve (kateket), Gry Sætre (kyrkjelydspedagog)

## ÅRSSTATISTIKK

	Førde 2018	Førde 2019	Førde 2020	Førde 2021	Førde 2022	<b>Førde 2023</b>	<b>Førde 2024</b>
Døypte eigne	107	86	87	81	93	<b>76</b>	<b>103</b>
Deltakande på søndagsgudstenester	11076	11672	5718	5567	10072	<b>9174</b>	<b>10657</b>
Deltakande på andre gudstenester	6209	6534	322	2216	4032	<b>4800</b>	<b>4544</b>
Deltakande på gudstenester Totalt	17285	18206	6040	7783	14104	<b>13974</b>	<b>15201</b>
Tal søndagsgudstenester	69	68	67	56	77	<b>61</b>	<b>63</b>
Tal andre gudstenester	51	43	14	26	32	<b>42</b>	<b>46</b>
Tal gudstenester med nattverd	44	58	26	32	38	<b>43</b>	<b>56</b>
Totalt tal på deltakarar til nattverd	3028	3360	648	1232	2098	<b>2082</b>	<b>2312</b>
Tal gudstenester totalt	120	111	81	82	109	<b>103</b>	<b>109</b>
Gjennomsnitt oppmøte gudstenester	144	154	75	95	129	<b>136</b>	<b>139</b>
Gjennomsnitt oppmøte hovudgudsteneste	161	171	86	99	130	<b>150</b>	<b>169</b>
Gjennomsnitt tal på nattverdsgjestar	69	57	25	39	55	<b>48</b>	<b>41</b>
Tal konfirmantar	152	148	149	144	152	<b>140</b>	<b>143</b>
Totalsum på innkomne gåver på kollekt i kyrkja	425.122 kroner	439.367 kroner	211.100 kroner	224.277 kroner	459.794 kroner	<b>425.465 kroner</b>	<b>378.346</b>
Innmelde	3	13	2	6	2	<b>9</b>	
Utmelde	26	45	42	45	17	<b>3</b>	
Vigsler	8	9	3	4	14	<b>7</b>	<b>13</b>
Gravferder	46	55	58	44	72	<b>63</b>	<b>62</b>
Deltakande på gravferder	-	7819	--	3461	7641	<b>6578</b>	<b>6874</b>

## Frå Kantor – kyrkjemusikalsk arbeid

Faste oppgåver: Speling på gudstenester, gravferd, vigsel og Førde omsorgssenter. Korarbeid, konsertar, UGK-arbeid, eigenøving m.m.

I løpet av 2024 deltok kyrkjekoret og korskulen på gudstenester, egne konsertar, på Førde omsorgssenter og kulturnatt i Førde. I mai fekk kyrkjekoret besøk av universitetskoret «IOWA STATE SINGERS». Eit fantastisk flott kor! Dei gav plass til både korskulen og kyrkjekoret som fekk synge egne særnummer i konserten. Ei stor oppleving for både koristar og publikum!! Det var elles stor stas for kyrkjekoret å få delta på kyrkjekonserten i Ålhus kyrkje i samband med Landslovsjubileet!

I april var korskulen på kortur til Ålesund der dei i tillegg til besøk på Atlanterhavsparken og Aksla deltok med vakker song på gudsteneste i Spjelkavik kyrkje.

I september deltok aspirant – og barnekoret saman med Jølster barnegospel på gudstenesta i Ålhus kyrkje i samband med Landslovsjubileet.

15-års jubileet vart m.a. markert med flott song på Jubileumsgudstenesta 20. oktober, etterfulgt av basar på Førde kyrkjetun der inntekta på 20.000,- gjekk til TV-aksjonen.

Det vart ein travel desember for korjentene: «Vår jul» konsert i Førdehuset, Luciakonsert med påfølgande opptreden på «Røyst», konsert med Alexandra Rotan på «Larris», synge jula inn på NRK-radio, avslutning i «Sunnfjordparken» og deltaking på julaftangudstenesta i Førde kyrkje kl. 14.00.

Det var ca. 50 medlemmar i korskulen i 2024 fordelt på knøttekoret, aspirantkoret, barnekoret og ungdomskoret. Mange har vore med i fleire år og koristane har utvikla seg musikalsk. Det er motiverande for dirigenten at fleire fortset i koret og at ein får gode tilbakemeldingar om at koret har utvikla seg. I løpet av 2024 har kyrkjekoret fått nye medlemmer. Koret får stadig gode tilbakemeldingar om at koret gir både musikalsk påfyll og glede. Ein må vere under 65 år for å kunne begynne i koret.

Ser ein tilbake på det kyrkjemusikalske arbeidet i 2024 finn ein mange musikalske oppturar m.a at kyrkjekoret og korskulen frå stadig høyre kor flinke dei er. Å få jobbe med barn er ei stor glede. Det er òg gode tilbakemeldingar på «spelejobben» i gudstenester, gravferd, Førde omsorgssenter m.m. Det er likevel viktig å vere klar over at dersom ein vil oppretthalde og vidareutvikle dagens kyrkjemusikalske aktivitet, må ein få fleire ressursar inn i dette arbeidet!!

Førde kyrkje treng òg nytt piano/flygel og det har allereie komt inn pengar til dette. Ein må prøve å få på plass eit nytt instrument i 2025!

Gro Gunnarson - kantor

## Årsmelding trusopplæring barn og unge.

### Trusopplæringsutvalet i 2024:

Leiar Anne Magerøy (NMS)

Sekretær Heidi V. Styve

Utvalsmedlemar Gunn Heimestøl (Holsen og Haukedalen Sokneråd)

Ragnhild Kjøde Nes (Førde Sokneråd)

Cathrin Hjelle Søvde (Førde Sokneråd)

Kariann Aasland (Førde KFUK-KFUM)  
Gry Sætre

Utvalet har hatt 4 møte og handsama 23 saker.

**Trusopplæringsutvalet har i 2024 jobba med følgjande:**

- Trusopplæringstiltak for 12 og 13 åringar
- Trusopplæringsplanen
- Utdeling av bøker

**Trusopplæringa har i 2024 gjennomført desse aktivitetane:**

- Spiren (116 born innom)
- Krøllesamlingar (116 born innom)
- Utdeling av 4-årsbok haust og vår (32 born)
- Kirkerottene (27 5-åringar)
- Vakuumveka (50 born)
- Tårnagent (38 born)
- Agent for skaparverket (10 born)
- Ope hus (47 born innom)
- Lys Vaken (7born)
- Workshop (i samarbeid med Deciding) (5 ungdommar innom)
- Konfirmantarbeidet (144 blei konfirmerte i Førde i 2024)
  
- I tillegg hadde vi påskevandring og julespel for barnehagane, skulegudstenester før påske og jul. Det var og Bibelsporet på skulane, besøk av 4.klasse i kyrkja, besøk av 8.klasse i kyrkja og besøk av vgs i kyrkja.

**TRU vil i 2025 arbeide vidare med:**

- *Gjennomgang og evaluering av aktivitetar i det nye planverktøyet «kirka vår».*
- *Planar og idear for nye tiltak for 10-14 år*

## Diakoni:

### Frå diakonen:

#### Møte med folk

Som diakon skal eg vere med å vise nestekjærleik i praksis. Men eg møter stadig, du veit, sånne folk som plutselig gir noko tilbake, som du der og då ikkje visste du trengte. Slik som gode varmande ord på ein kyrkjekaffi, eit smil eller to i ein konfirmanttime eller på Kyrkja i byen, ein klem eller eit godt handtrykk med takk etter ei gravferd eller eit godt blick eller ein smittande latter på andre sida av bordet på 10-kaffien. Desse minna tek eg godt vare på!

Både i vår og i haust har eg vore konfirmantlærer for ein klasse på HUSK. Anna: Fasteaksjon, øving til konfirmasjonar, konfirmantinnskrivning, leir på Nesholmen og festival på Sande. Fint å vere med ungdommar. Eg har også i år vore ein del av teamet på Vakumveka. Kjekke dagar!

Eg har vore klokkar og/eller medliturg på fjorten forordna gudsteneste i Førde og preika på fem av dei. Eg har òg vore liturg på to gudsteneste i samarbeid med Førde ressurscenter og på fire kvardagsmesse. Eg har vore liturg i fem gravferder/bisetjingar i Førde.

Fellesskapsbyggjande arbeid som 10-kaffi og onsdagstur, strikketreff, familiesøndag. Vi har hatt to flotte samlingar med litt ulike «konsept»; HalloVenn og karneval. I tillegg Kyrkja i byen, der eg har organisert tilbodet og sjølv vore på Skywalken cirka femtekvar torsdag.

Samarbeid mellom barnehage/skule og kyrkje, som skulegudsteneste.

Eg har hatt samtalar jamt fordelt utover heile året. Nokre heimebesøk.

#### Hjarteleg takk til alle frivillige som har delteke i diakoniarbeidet i kyrkjelyden i 2024!

Med venleg helsing Anita Øvreås Rusken

### Diakoni- og miljøutvalet

Leiar:	Hanne Schnitler
Medlemmer:	Margit Nygård, Ingeborg Watne Flatland (sokneråds-representant) og Sølvi Urnes (sokneråd-representant)
Tilsette:	Diakon Anita Øvreås Rusken

Diakoni- og miljøutvalet har hatt 5 møter i 2024.

**Grøn kyrkjelyd:** Førde kyrkjelyd har vore «Grøn kyrkjelyd» sidan 2009. I april vart revidert miljøplan godkjent av soknerådet. **Agent for Skaparverket** var i år lagt til flaumskogen langs Jølstra. Sykkeldugnad avlyst grunna byggearbeid ved Kyrketunet.

**Kyrkjeskyss og kyrkjekaffi:** Det har vore tilbod om kyrkjeskyss store delar av året, men det er vanskeleg å rekruttere nye frivillige. Konfirmantforeldre har stått for **kyrkjekaffi** etter søndagsgudstenestene, soknerådet resten av året, og diakonen på kvardagsmessene. Utvalet hadde ansvaret for kyrkjekaffi på Bygudstenesta.

**Oppfølging av uløna medarbeidarar:** Det vart arrangert medarbeiderfest våren 2024. 85 personar møtte opp på minikonserter til kyrkjekoret og på festen etterpå. Gode tilbakemeldingar.

**Kyrkja i byen:** 5 faste tilsette/frivillige i turnus sørgjer for at kyrkja er synleg og tilgjengeleg på «Storebrua» på Alti kvar torsdag.

**Besøksteneste:** Nokre få frivillige har vore med på organisert besøksteneste leia av diakonen. Elles har ein del personar fått besøk av diakon eller prest.

**Andakt på Førde omsorgssenter:** Andakt kvar veke det meste av året, nokre gonger med nattverd. Samlingane har hatt god oppslutning, ikkje minst grunna god tilrettelegging frå omsorgssenteret. Både tilsette og frivillige deltek i turnus. Diakonen organiserer tilbodet.

**Sorgarbeid:** Minnegudsteneste på helgemessesøndag samla også i år mange pårørande. Sorggrupper i samarbeid med Sunnfjord kommune og Helse Førde er eit kontinuerleg tilbod kvart semester. Dette året var det gruppe både om våren og om hausten.

To tiltak er i samarbeid med Friskliv- og frivilligsenteret og Aktivitetseininga i kommunen:

**10-kaffien** på Kyrkjetunet kvar onsdag har hatt auka tilslutning dette året. **Onsdagsturane** etter 10-kaffien inviterer til turar i nærområdet.

**Smågrupper og strikketreff:** Fleire grupper samlast på Førde kyrkjetun, m.a. «Farsigruppa», NMS mannsgruppe, Støttegruppa for asylsøkjjarar og bibelgruppe for ungdom. Diakoniutvalet prøver å ha oversikt over gruppene. **Strikketreff** annakvar måndag, eit samarbeid med «Ull & Omtanke – Sunnfjord», samlar damer frå heile Sunnfjord. 39 teppe vart gitt til personar under kreftbehandling i 2024. U&O deltok med stand på Kyrkja i byen, «Stafett for livet» og temakveld hos Kreftforeninga.

**Barn/ungdom:** To **Familiesøndagar** i 2024 med godt oppmøte, karneval i februar og Hallo Venn i oktober. Fleire tiltak innan **Ungdomsdiakoni** kom i gang i haust, og DMU vil ha samarbeid med prosjektleiar i Kraft.

**Fasteaskjonen** der konfirmantane har innsamling til Kirkens Nødhjelp ga totalt kr. 98766,-. DMU hadde ansvar for kafeen, der foreldra hadde baka bollar. Nytt i år var quiz for konfirmantane.

**Julaftan på Førde kyrkjetun:** Grunna manglande ressursar vart tiltaket ikkje gjennomført i 2024.

## Prosjekt Kraft

### AKTIVITET I KRAFT 2024 (haust)

Kraft starta med utadretta arbeid i august 2024.

**Kraft kreativ;** har møttes 7 gongar, med møter annakvar onsdag. Tre deltakarar har vore med fast, men totalt har seks ulike ungdomar vore innom. Dei fleste er i ungdomsskulealder.

**Followme-leiartrening:** Followme har møttes 13 gongar på hausten, med møte på torsdagskveldar mellom kl 19-21.00.

Til saman har 15 ungdomar vore innom. Av kjernen som har møtt opp jamnleg er det 9 ungdomar.

I tillegg har tre unge vaksne vore med som frivilleg.

**Konfirmant-followme:** Fire torsdagar i haust har followme-kveldane handla om å lage klubbkveld for konfirmantar. Fire ulike konfirmantklassar har vore innom. Kvelden har i stor grad blitt leia av ungdomane frå followme.



**Bibelgruppe:** Det er oppstått ei bibelgruppe i etterkant av followme-kveldane, der til saman 6 eldre ungdomar har vore med. To av dei er frå VGS, og resten av ungdomane er kring 20 år, studerer eller er i arbeid i Førde.

**Filmkveld:** Første november arrangerte vi filmkveld ein fredag i november i ungdomslokale. 5 ungdomar kom.

**Gospelgudsteneste:** 03 november arrangerte vi gospelkveld i samarbeid med Sunnfjord Folkehøgskule og Erlend Os. 257 personar møtte opp, folk i alle aldrar, stor andel konfirmantar.

**Samtaleteneste:** To ungdomar som er 20 år fekk individuelle samtalar.

**Gospelkor:** I desember holdt vi første møte for oppstart av gospelkor. 11 unge vaksne deltok. Koret skal møtast kvar mandag i 2025.

**Frivillege:** Vi har hatt med oss til saman 7 unge vaksne som har delteke ein eller fleire gongar som frivillig på Kraft sine arrangement.

**Konfirmantarbeid:** I tillegg til å vere prosjektleiar og drive Kraft sitt arbeid, har eg (Johanne) også ein konfirmantklasse der eg deltek i konfirmantundervisninga. Eg var også med på leir på Nesholmen, og skal vere med på to konfirmantleirar i vår.

Johanne – ungdomsdiakon og prosjektleiar Kraft

## Gudstenesteutvalet

Gudstenesteutvalet for 2024 - 2028 hadde sitt første møte i mai 2024. Val av ny leiar og nestleiar/skrivar. Gjennomgang av kva oppgåver utvalet skal jobbe med.

Nytt møte i oktober. Tema: Presten si rolle i gudstenesta.

Gudstenesteutvalet ynskjer å arbeide tett saman med prest og kontor og på den måten vere eit aktivt bindeledd mellom sendar og mottakar i gudstenesta. Vi planlegg 4-5 møter i året

Hallvard A. Møgster

- leiar

## Førde kyrkjetun 2024

Dagleg leiar er Ann Berit Steiro

Styret har sidan sist årsmøte vore samansett slik:

Leiar: Kari Daltveit

Medlem: Gunnar Flatland

Medlem: Ingvar Byrkjeland

Medlem: Eirik Dahl

Dagleg leiar møter i styremøta

Styret har hatt 6 styremøte, og behandla 46 saker

Det er generelt stor aktivitet på huset. Men vi har ledig kapasitet, spesielt til private arrangement, der vi tilbyr lokale og leigetakar ordnar seg sjølv.

<b>Hovudgrupper leigetakarar 2024</b>	
KFUK-KFUM Deciding og møter	52 (46)
Sokneråd/diakoni/trusoplæring	128 (108)
Fellesråd/konfirmant	36 (33)
Minnesamvær	39 (41)
Private arrangement	21 (39)
Organisasjoner/møter/kurs/bedrifter	30 (19)
KRAFT	16 (nytt 2.halvår)
<b>SUM kort og lange Booking avtalar</b>	<b>319 (291)</b>

Tal i parentes er 2023 tal

Ungdomslokalet er blitt pussa opp med maling og nye møbler.

Det er også bygd eit lite kjøkken i 3. et.

I 2024 var det utviding av Kyrkjetunet som hadde hovudfokus. Pga. utviding og ombygging av kontora vart Biblioteket nytta til kontor for tilsette ca. 4 mnd. på vårparten.

Utviding av Kyrkjetunet vart ferdigstilt rett før sommarferien. Det er også kome opp ny garasje inklusivt bossrom.

Loppemarknaden er ein tradisjon. Arrangementet går bra, men vi registrer nedgang i både lopper og folk, og må jobbe meir med marknadsføring. Inntektene var på ca. kr.30 000.-

#### Økonomi:

Det vart tatt opp lån på 4.6 millionar.

Rekneskap for 24 viser eit overskot på ca. kr 300 000.-

Kyrkjetunet har lønsmidlar til 100% stilling. Dette er fordelt på dagleg leiar 80% stilling og 20% til innleige.

Kyrkjetunet har ein dyktig dagleg leiar i Ann Berit Steiro, i tillegg er dugnadsinnsatsen stor.

Det er ei vaktmestergruppe og ei gruppe for kjøkenhjelp. (borddekking, servering, oppvask ved minnesamværa). Vi hadde ikkje klart å hatt den aktiviteten vi har i dag utan denne hjelpa.

Husstyret applauderer og takkar for innsatsen.

## Helg og heim

### Overordna målsetjing:

- At bladet vert lese av folk flest i alle sokna.
- At bladet har eit innhald som både handlar om den kristne bodskapen og gjev rom for kulturhistorie, reportasjar og portrett av engasjerte menneske.
- At bladet både melder og speglar aktivitet i kyrkjelydane.

**Trykking og distribusjon:** Helg og Heim har i 2024 kome ut med 4 nummer. Første nummer med 20 sider og dei tre siste med 16 sider. Grafisk utforming er som før, ved Geir Skagen, Firda Tidend på Sandane. Trykking av nr. 3 og 4 er utført av ETN Grafisk fordi dei gav oss eit betre tilbod. Distribusjon ved Posten. Posten har ei tid ikkje kunna levere til Nydalen. Her har Laila Nydal teke seg av levering. No ser det ut til at Posten igjen leverer også til Nydalen.

**Økonomi:** Rekneskapen til Helg og Heim går inn som ein del av rekneskapen til Førde sokn. Den største kostnaden er trykking og porto.

Det kom inn kr. 125 344 i bladpengar. (2023: kr. 101 913). Kyrkjeoffer kr. 14 568 (2023 kr. 16 259). Annonseinntekter: Kr. 49 440, om lag som i 2023.

Trykkekostnadar var kr. 111 810, ein betydeleg nedgang frå 2023 (kr 137 810). Porto kr 87 362, om lag som året før.

Rekneskapen for 2023 viser eit underskot på kr. 21 054. Dette er eit betydeleg mindre underskot enn i 2023 (kr. 63 161).

**Redaksjon:** Jenny Snildal, Annbjørg E. Hesselberg, Hanne Schnitler og Sissel Vartdal som kontaktperson for tilsette.

**Styre:** Arne Kleiva, Bodil Frøysland, Marit Solheim, Ole Johnny Warvik og Hanne Schnitler frå redaksjonen. Styret har hatt fire møte, der to møte vart haldne på Teams.

Styret er godt nøgde med arbeidet som vert lagt ned i redaksjonen. Utfordringane vidare er framleis knytta til økonomien.

Ole Johnny Warvik, styreleiar

## Rekneskap 2024

Resultat før bruk av fond	Regnskap	Budsjett	Regnskap	Budsjett
	2023	2024	2024	2025
<b>1 Brutto driftsresultat</b>				
<b>Inntekter</b>				
1 Brukarbetaling, salg avgifter og leigeinntekter	-2 203 703	-2 991 000	-2 560 296	-2 837 800
3 Refusjonar/overføringar	-209 338	-220 750	-208 042	-6 000
8 Tilskot frå soknet sine organ	-94 806	-126 000	-82 500	-133 000
9 Andre tilskot, gåver, innsamla midlar	-487 137	-553 000	-501 295	-549 500
<b>Inntekter Totalt</b>	<b>-2 994 984</b>	<b>-3 890 750</b>	<b>-3 352 133</b>	<b>-3 526 300</b>
<b>Utgifter</b>				
1 Brukarbetaling, salg avgifter og leigeinntekter	600	0	0	0
12 Kjøp av varer og tjenester	1 586 628	2 054 440	1 422 533	1 710 400
13 Refusjonar/overføringar	875 310	930 750	834 673	790 000
15 Tilskot og gåver	326 454	358 000	330 354	358 000
<b>Utgifter Totalt</b>	<b>2 788 992</b>	<b>3 343 190</b>	<b>2 587 560</b>	<b>2 858 400</b>
<b>1 Brutto driftsresultat Totalt</b>	<b>-205 992</b>	<b>-547 560</b>	<b>-764 573</b>	<b>-667 900</b>
<b>2 Renter og avdrag</b>				
<b>Inntekter</b>				
18 Renteinntekter og utbyte	-1 606	-1 500	-37 079	-35 000
25 Motpost avskrivningar	-239 007	-250 000	-237 817	
<b>Inntekter Totalt</b>	<b>-240 613</b>	<b>-251 500</b>	<b>-274 896</b>	<b>-35 000</b>
<b>Utgifter</b>				
20 Renteutgifter og låneomkostningar	0	0	275 578	288 500
21 Avdrag på lån	0	0	138 000	184 000
24 Avskrivningar	239 007	250 000	237 817	
<b>Utgifter Totalt</b>	<b>239 007</b>	<b>250 000</b>	<b>651 395</b>	<b>472 500</b>
<b>2 Renter og avdrag Totalt</b>	<b>-1 606</b>	<b>-1 500</b>	<b>376 499</b>	<b>437 500</b>
<b>Resultat før bruk av fond (Netto driftsresultat)</b>	<b>-207 598</b>	<b>-549 060</b>	<b>-388 074</b>	<b>-230 400</b>

Kva ligg bak rekneskapslinjene 1-15?

### Inntekter:

1 Konfirmantbetaling, bladpengar og annonsar kyrkjelydsblad, inntekter utleige av kyrkjetunet, andre betalingar v arrangement

3 I hovudsak momsrefusjon

8 Tilskot frå fellesråd til konfirmantarbeid og i budsjett 2025 også driftspostar i prosjekt kraft som fellesrådet betaler

9 Gjevarteneste og offer til anna verksemd og eiga verksemd

### Utgifter:

12: Alle driftsutgifter, innkjøp, reinhald, kostnad ved arrangement , leige til kyrkjetunet mm

13: Mva som blir betalt (jfr 3) og refusjon til fellesrådet for lønsutgifter knytt til kyrkjetunet

15: Overføring av offer innsamla til andre, og evt tilskot soknerådet gjev til aktivitet

## Resultat 2024, på 388.000 før bruk av fond, fordeler seg slik pr tenesteområde:

Resultat før bruk av fond	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Regnskap 2024	Forslag Budsjett 2025	Kva er med i tala:
<b>1 Brutto driftsresultat</b>					
Anna kyrkjeleg verksemd	45 081	34 000	53 002	33 000	Prosjekt kraft + +
Diakoni	61 729	0	44 596	46 000	10 kaffi
Konfirmantarbeid	-2 535	0	-291 114	-16 000	
Kyrkjelydsblad	63 161	8 440	21 054	8 100	
Kyrkjelydshus	-437 418	-622 000	-667 656	-821 000	
Kyrkjemusikk	0	0	11 500	10 000	
Trusopplæring	63 990	32 000	64 045	72 000	Vakuümveke mm
<b>1 Brutto driftsresultat Totalt</b>	<b>-205 992</b>	<b>-547 560</b>	<b>-764 573</b>	<b>-667 900</b>	
<b>2 Renter og avdrag</b>					
Anna kyrkjeleg verksemd	-1 606	-1 500	-37 079	-35 000	Renter bankkonti
Kyrkjelydshus	0	0	413 578	472 500	lånerenter og avdrag
<b>2 Renter og avdrag Totalt</b>	<b>-1 606</b>	<b>-1 500</b>	<b>376 499</b>	<b>437 500</b>	
<b>Resultat før bruk av fond (Netto driftsresultat)</b>	<b>-207 598</b>	<b>-549 060</b>	<b>-388 074</b>	<b>-230 400</b>	

## Investeringsrekneskap

	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Regnskap 2024	Budsjett 2025
<b>4 Investeringar</b>				
<b>Kyrkjelydshus</b>				
Byggeteneste, nybygg		600 000	4 950 000	5 190 281
Konsulenttenester		242 345	-	47 510
Mva utanfor mva-lova (komp)		206 726	1 237 500	1 309 448
<b>Kyrkjelydshus Totalt</b>		<b>1 049 071</b>	<b>6 187 500</b>	<b>6 547 239</b>
<b>4 Investeringar Totalt</b>		<b>1 049 071</b>	<b>6 187 500</b>	<b>6 547 239</b>
<b>5 finansiering av inv</b>				
<b>Kyrkjelydshus</b>				
Bruk av lån		- -	4 600 000 -	4 600 000
Kompensasjon moms påløpt i inv. rekneskaper		206 726 -	1 237 500 -	1 309 448
Overføringar frå driftsrekneskaper		- 842 345 -	250 000 -	250 000
Refusjon frå andre inv		- -	100 000	-
Rekneskapsmessig meirforbruk investering		- -	- -	387 791
<b>Kyrkjelydshus Totalt</b>		<b>- 1 049 071 -</b>	<b>6 187 500 -</b>	<b>6 547 239</b>
<b>5 finansiering av inv Totalt</b>		<b>- 1 049 071 -</b>	<b>6 187 500 -</b>	<b>6 547 239</b>